



Fagrapport/notat
Motorferdsel i utmark
for aktuell utviding av Jotunheimen nasjonalpark i Vågå kommune
01.06.2026




Køyreråket frå Russtangen til Russvassosen er mykje nytta i samband med utøving av stadbunden næring som fiske, beiting og tamreindrift. Foto: Hans Petter Vaberg

Innhald

Innleiing.....	2
Motorferdselsaktivitet innanfor område som er foreslått verna	3
Landbruk og beiting.....	3
Vågå fjellstyre	4
Vågå Tamrein	4
Lom tamrein	4
Motorferdselløyve innanfor Hindflyin, Besstrondfjellet og Leirungsdalen som kommunen har behandla dei siste 10 åra.....	5
Motorferdsel i samband med lisensfelling jerv.....	5
Skiløyper	5
Russtangen til Russvassosen	6
Motorferdsel i samband med skadefellingsoppdrag.....	6
Fiskebu ved Russvassosen	6
DNT.....	7
Verknad av utvida vern.....	7
Tamreindrift.....	7
Landbruk og beiting.....	7
Fiskebu ved Russvassosen	7
Samla vurdering knytt opp til eksisterande verneforskrift.....	8

Innleiing

Vågå kommune har vald å gå vidare med ein verneplanprosess for supplerande vern for Jotunheimen nasjonalpark som omfattar Hindflyin, Leirungsdalen og Besstrondfjellet. I samband med denne prosessen er det viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for vurdering av fordelar og ulemper ved eit vern av desse områda. Vågå kommune har etter oppdrag frå Statsforvalteren i Innlandet utarbeidd ein fagrapport som tek for seg aktivitet knytt til motorferdsel i utmark. Kommunen har innhenta opplysningar frå beitelag og tamreinlag og gått gjennom motorferdselløype som har vore behandla dei siste 10 åra innanfor område som er foreslått verna og vurdert kva for verknad eit framtidig vern vil ha for framtidig motorferdsel aktivitet.



Figur 2: Kartutsnitt som viser forslag til utvidingsområde (vist med rose skravur og raud farge) for framtidig vern, Jotunheimen nasjonalpark. Det er areal vest for fv. 51 som er aktuelle for vurdering av framtidig vern, jf. vedtak i Vågå kommunestyre.

Motorferdselsaktivitet innanfor område som er foreslått verna

Landbruk og beiting

Det er fire beitelag som har beiteområde i delar av område som er foreslått for framtidig utvida vern av Jotunheimen nasjonalpark. Det er Leirungsdalen, Besstrondfjellet, Russdalen og Hindflya beitelag. Det er lite motorisert ferdsel i utmark i samband med utøving av landbruk og stadbunden næring. Det er stort sett berre utkøyring av saltsteinar på vinteren som blir gjennomført innanfor Hindflya, Besstrondfjellet og Leirungsdalen beitelag.

Russdalen beitelag køyrer årleg 5-10 turar på barmark frå sauetråa på Russtangen inn til Russvassosen. Køyring er knytt opp mot aktuelle hendingar med beitedyr og vedlikehald av bruer og gjeterbuer. Køyring blir utført med ATV eller traktor etter eksisterande køyrespor. Det blir også nytta båt på Russvatnet med same omfang og formål. På vinteren blir det brukt snøskuter for utkøyring av saltsteinar, blir vanlegvis utført på to dagar. Beitelaget er i startfasa med å bruke drone i samband med sinking og tilsyn. Køyring som blir uført er med heimel direkte i lova, jf. lov om motorferdsel.

Vågå fjellstyre

Vågå fjellstyre har Vargebue som ligg i Leirungsdalen, om lag 1 km vest for parkeringsplassen i Vargebakkane. Denne bua blir leigd ut via Inatur. Fjellstyret køyrer inn proviant og ved til bua på vinteren med snøskuter. Dette blir gjennomført når dei skal gjennomføre andre tilsynsoppgåver i området slik at dei søkjer ikkje om eige motorferdselløype.

Vågå Tamrein

Vågå tamrein gjeter rein aktivt gjennom året og det vil difor vere naturleg å køyre turar innanfor område som er foreslått verna. På Hindflyin og Besstrondfjellet er reinen i november og desember, avhengig av snø og beiteforhold. Områda blir brukt som vinterbeite. Besstrondfjellet er også brukt som vårbeite. Reinen til Vågå Tamrein kalvar mykje i dei same områda som blir brukt som vårbeite. Hindflyin er ein viktig flytteveg når reinen skal ledast til slakting i Fuglesætrin/Grønhøe og når reinen blir drive mellom beite i Heimfjellet og Sjodalen og vidare til Heidalsmuen. Kor mykje køyring det er behov for varierer frå år til år.

Leirungsdalen er lite brukt på vinteren, men reinen kan trekke dit frå slutten av april til tidleg i mai. Tidlegare var Leirungsdalen eit viktig kalvingsområde, men på grunn av auka aktivitet med ski, topturar mv. så er dette området mindre brukt. Reinen blir difor snudd og drive austover mot fv 51. Det blir nytta snøskuter til dette formålet. Ved inndriving til haustslakt i september kan Leirungsdalen bli nytta til oppdrivingsplass for rein før dei bli teke inn i gjerde. Det kan bli nytta helikopter til dette formålet.

Barmarkskøyring blir berre nytta til heilt naudsynte oppgåver i samband med gjerding og slakting. Desse område ligg utanfor områda som er foreslått verna. Vågå tamrein brukar dronar som

hjelpemiddel når reinen blir gjeta, men for dei aktuelle område blir det truleg minimal bruk. Det kan likevel vere fornuftig å opne for dette i verneforskrifta da det kan bli eit endra behov.

Lom tamrein

Lom tamreinlag har sommar- og haustbeite innanfor Jotunheimen nasjonalpark. Det vil difor vere naturleg å køyre turar innanfor område som er foreslått verna på sommaren, vår og haust. Det er Hindflyin som er mest aktuell for Lom tamrein, ikkje Leirungen og Besstrondfjellet. Det er berre nødvendig med motorferdsel ved Leirungen når det er samarbeidstur med Vågå tamrein. Dersom det har kome rein til Besstrondfjellet på vinteren blir det brukt snøskuter eller drone. I samband med slakting blir reinen henta med helikopter eller drone dersom den er i Besstrondfjellet. På vinteren i november og desember og i april kan det vere opp til 7 snøskuterturar i veka innanfor Hindflyin. Midt på vinteren er ikkje reinen i området.

Når det gjeld Russdalen så blir det brukt ATV frå Russtangen til Russvassosen frå midten av mai og ut oktober. Det blir køyrt om lag 2 turar per veke på sommaren, men opptil kvar dag i samlingsperioden før haustslakting, også oktober dersom det er sein vinter. Det blir nytta båt på Russvatnet. Det blir nytta helikopter 1-3 dagar under haustslakting i september, men med klimaforandringar kan det også vere aktuelt med 1-3 dagar med helikopter på vinterslakt i desember. Det blir brukt drone heile året. Dersom det er rein i området kan det bli flogge med drone 7 dagar i veka. Jamfør lov om motorferdsel i utmark § 4 pkt. c har motorferdsel i tilknytning til reindriftsnæring direkte heimel i loven.

Motorferdselløyve innanfor Hindflyin, Besstrondfjellet og Leirungsdalen som kommunen har behandla dei siste 10 åra


Vågå kommune har nesten ikkje behandla eller gjeve løyve til motorferdsel innanfor Hindflyin, Besstrondfjellet og Leirungsdalen på barmark eller snøføre dei siste 10 åra. Det vart gjeve løyve til å nytte helikopter i samband med filminnspeling av filmen Troll i 2021 ved Vargebue på Hindflyin. Det vart ikkje gjeve løyve til bruk av ATV i samband med filminnspeling. Andre løyve som er gjeve er omtalt nedanfor.

Motorferdsel i samband med lisensfelling jerv

Det vart gjeve eit 3- årig løyve, med heimel i forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5c til motorferdsel, i samband med tilsyn av jervebås i Russdalen i januar 2026. Løyvet gjeld for 10 turar i året. Så lenge det er jerv i området må det påreknast at det kan kome fleire slike søknader i åra som kjem.

Skiløyper

Det blir køyrt opp skiløyper innanfor Besstrondfjellet og løypene er ein del av løypenettet til Vågåfjell turløyper. Kommunen har gjeve løyve til oppkøyring av desse løypene og kartutsnitt nedanfor viser skiløyper som er køyrt opp innanfor Besstrondfjellet.



Figur 3: Kartutsnitt som viser skiløyper (blå line) og fotruter (rosa line) innanfor Besstrondfjellet.

Russtangen til Russvassosen

Det er ein strekning som er meir brukt enn andre område til motorferdsel og det er strekningen frå Russtangen til Russvassosen. Dette er eit godt opparbeidd råk som blir mykje brukt. Løyve som har vore gjeve på denne strekningen er omtalt nedanfor.

Motorferdsel i samband med skadefellingsoppdrag

Det vart gjeve løyve til bruk av to ATV for transport av mannskap og utstyr i samband med skadefellingsoppdrag på jerv innanfor Russdalen beitelag 11. august til og med 15. august 2022 og 29. august til og med 2. september 2024. Det har ikkje vore skader av freda rovvilt i dette området på mange år før det dukka opp skadar i 2022. Det har difor ikkje vore gjeve tilsvarande løyver før i 2022. Det er påreknleg at det vil bli fleire skadefellingsoppdrag i området ettersom det er meir jerv i området og registrert yngling. På grunn av avstand er det nødvendig å gje løyve til motorferdsel dersom det skal vere praktisk mogleg å gjennomføre eit skadefellingsoppdrag. Dette løyvet må kunne gjevast raskt.

Fiskebu ved Russvassosen

Det er ei fiskebu (gnr. 187/1/542) ved Russvassosen ettersom eigar disponerer fiskeretten til vatnet. For å utøve fiske får eigar motorferdselløyve til å nytte traktor eller bil etter køyresporet frå Russtangen til Russvassosen. Det er eit fleirårig løyve (5 år) som gjeld for åra 2026 -2030 i perioden 15. juni – 15. oktober. Løyvet er heimla i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 6 og § 7 ettersom verksemda ikkje er registrert i enhetsregisteret. Det er i vedtaket stilt krav om føring av køyrebok og det blir køyrd mellom 35 - 45 turar for sommaren. Det har vore gjeve 5 -årige løyve i fleire 10 år.

DNT

DNT har fleire turstigar og bruer i Jotunheimen. Dei har søkt om løyve til å bruke motorferdsel i utmark i samband med tilsyn av bruene etter "Hans" i 2023. Det vart søkt om løyve til å nytte ATV frå Russtangen til Russvassosen, men dei fekk ikkje løyve til det. Dei har fått løyve til å nytte ATV, båt, snøskuter og helikopter for å reparere bru over Blåtjønnåe i 2021 og helikopterløyve i 2020 for ei mellombels løysing for å gjere brua over Blåtjønnåe farbar. Det er berre behov for motorferdselløyve når det er behov for vedlikehald og etter ekstrem vær slik at samla sett er det ikkje mykje motorferdsel i tilknytning til denne aktiviteten.

Verknad av utvida vern

Det er hovudsakleg motorferdsel som er heimla direkte i lova som blir utført innanfor område som er foreslått verna. Det er særleg køyresporet frå Russtangen til Russvassosen som blir nytta ein god del. Det er hovudsakleg transport i samband med fiske på Russvatnet og tamreindrift som bruker køyresporet mest. I tillegg til transport i tilknytning til beiting. Det har også vore nytta i samband med utøving av skadefelling av store rovdyr og DNT.

Tamreindrift

Så lenge verneforskrifta gjev opning for bruk av motorkjøretøy på snøføre og bruk av helikopter, vil konsekvensane med vern bli lite negativt for tamreindriften. Det kan vere behov for barmarkskjøring i særskilte høve. Tamreinlaga har allereie beiteområde innanfor Jotunheimen slik at ei utviding av verneområde vil truleg ha liten verknad for framtidig drift. Det er viktig at det i ny verneforskrift blir lagt til rette for at det kan nyttast drone som hjelpemiddel under gjeting og sanking.

Landbruk og beiting

Det er generelt lite motorferdsel som blir utøvd i samband med landbruk og beitebruk. Det er viktig at det blir lagt til rette for denne type aktivitet kan halde fram. Verknaden av utvida vern bør vere minimal når det blir teke omsyn til det i verneforskrifta. Det er viktig at det i ny verneforskrift blir lagt til rette for at det kan nyttast drone som hjelpemiddel under gjeting og sanking, samt at skadefellingsoppdrag som krev motorferdsel i utmark kan gjennomførast raskt.

Fiskebu ved Russvassosen

Motorferdsel i samband med utøving av fiske på vatn med privat fiskerett må behandlast etter § 6 forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag ettersom fiske ikkje er registrert som næringsfiske i enhetsregisteret. Etter *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 a*) – bruk av materiell og utstyr i samband med utmarksnæring - kan kommunen på barmark berre gje heimel til transport langs opparbeidd traktorveg, og denne forskriftsheimelen er dermed ikkje aktuell ettersom køyresporet frå Russtangen til Russvassosen ikkje er opparbeidd traktorveg. Motorferdselregelverket er slik sett ikkje eit godt regelverk for å fange opp motorferdsel i tilknytning til utøving av fiske av fiskerett som ikkje ligg i tilknytning til opparbeidd traktorveg. Eit uttak av mellom 1-2 tonn fisk i barmarksperioden er eit betydeleg uttak, men truleg ikkje stort nok til at det er fornuftig å registrere det som næringsfiske. Russvatnet er eit stort vatn som har behov for eit betydeleg uttak av fisk. Det er slik sett uheldig at denne type motorferdsel må behandlast etter § 6 i *forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*. I ny motorferdsellov § 32, som har vore på høyring med høyringsfrist 15. september 2024, er det opna for at kommunen kan gje løyve til motorferdsel som er nødvendig for å gjennomføre fiskekultiveringstiltak. Denne lovendringa er positiv ettersom det er viktig at det blir lagt til rette for at fiskeaktiviteten kan halde fram. For den som utøver fiskeretten vil eit vern truleg følast tyngande da det blir nødvendig å sende inn ein eigen søknad om motorferdsel til vernestyresmakta. Dersom det blir innarbeidd gode rutinar for dette bør det vere løysbart, da det er fleirårig løyve slik at søknadsprosessen kan planleggjast i god tid før det må køyrast.

Samla vurdering knytt opp til eksisterande verneforskrift

Det er generelt lite motorferdsel i områda som er foreslått verna med unntak av aktivitet knytt til stadbunden næring og beiting. Aktivitet knytt til stadbunden næring og beiting kan halde fram og let seg innpasse i eksisterande verneforskrift. Det må gjerast endringar som gjer det mogleg å nytte drone som hjelpemiddel under gjeting og sanking.

Det er i eksisterande verneforskrift berre opna for naudsynt bruk av beltekjøretøy på vinterføre i samband med utøving av reindrif. Tamreinlag gjev opp at dei også har behov for barmarkskøyning i særleg høve. Det er også viktig at det kan nyttast helikopter og drone. Dette må innarbeidast i ny verneforskrift.

Det bør utarbeidast eit eige punkt i verneforskrifta som opne for motorferdsel på barmark etter køyreråket frå Russtangen til Russvassosen. Aktiviteten som det bør vere mogleg å gjennomføre er:

- tilsyn og gjeting av rein.
- Tilsyn og gjeting av husdyr på beite, også motorferdsel i tilknytning til skadefellingsoppdrag.
- Motorferdsel i tilknytning til fiske på Russvatnet.

Dersom det blir teke omsyn til dette bør verknaden av utvida vern vere minimal for råka partar.